



Hordaland Fylkeskommune

17 APR 2015

09.04.2015

TIL FIRMA, BIDRAGSYTARAR OG LØYVANDE MYNDIGHEITER

**INVITASJON TIL OFFISIELL OPNING AV VALEPARKEN LAURDAG 13.JUNI 2015 KL 12.00**

Arbeidsgruppa for Valeparken vart skipa i september 2011 og etter lang og iherdig innsats er draumen no i ferd med å gå i oppfylling: Me har realisert eit flott anlegg til nærmare 4 mill kroner, og kan om kort tid markera at Valeparken er ferdig, og invitera til eit enkelt opningsarrangement.

I eit slikt høve er det naturleg for oss å invitera dei som har hovudæra for at prosjektet har lukkast: bygdafolket som har ytt pengar og arbeid, lokale firma, kommunen, fylkeskommunen, staten og fotballkretsen. Dette er dei som har tatt dei tyngste økonomiske taka.

Me har med dette æra av å invitera nepro. fra kulturavdelinga i HF.

til den offisielle opninga laurdag 13.juni 2015 kl 12.00.

**PRAKTISKE OPPLYSNINGAR**

Program for opninga :

1. 12.00 – 12.30 Samling med takk og offisiell opning i austre enden av banen
2. 12.30 – 13.00 Ymse aktivitetar for ulike aldersgrupper på anlegget
3. 12.30 – 14.00 Lett servering og hygge på skuleplassen til Valen skule og i Valeparken

**PS**

Det blir tinga eit skilt til opninga, der alle firma og instansar som har gitt gåver til anlegget, blir takka. Dette vil få ei sentral plassering i anlegget og bli hengande der.

Då dette er eit familiearrangement, vil det bli avgrensa taletid og me ber om at dei som ynskjer ordet melder frå om dette på førehand: anten på tlf 41103932 eller e-post [steinar.haugan@knett.no](mailto:steinar.haugan@knett.no). Me set også pris på om de melder frå om de kjem til arrangementet eller ikkje. Bruk same tlf/e-post.

Med venleg helsing Arbeidsgruppa for Valeparken.



